



Årsmelding 2020 Langrennsgruppa

- Styret 2020:**
- leiar: Daniel Breivik
 - Kasserar: Magnar Breivik
 - Anleggsansvarleg Bondalseidet: Arild Bjørdal
 - Anleggsansvarleg Mosløypa: Helge Moe
 - Trakkeansvarleg: Jan Olav Bjørdal

Sportsleg resultat: Det har ikkje vore mange sportslege resultat å snakke om i 2020. På grunn av koronapandemien vart Birkebeinerrennet, som er hovudmålet for nokre av dei få gjenverande, aktive mosjonistane avlyst.

Aktivitet: Året 2020 vart svært spesielt på grunn av koronapandemien. Likevel har langrenn vore ein viktig aktivitet for mange mosjonistar sidan mange andre aktivitetstilbod har vore stengt. Vinteren 2020 starta med snø og nykjørte løyper like etter nyttår både på Bondalseidet og på Mo, men veret framover var veldig vekslende og forholda var ikkje alltid like gode. Frå midten av februar låg snøen meir stabilt og det var bra skiføre til litt ut i april. På Bondalseidet var det fine langrennsforhold heile påska. På Bondalseidet kom det så mykje snø når vinteren kom på besøk igjen i mai at det var nykjørte spor til Åmskaret på 17.mai. 1. juledag 2020 kom det nok snø til at løype igjen vart preparert og det vart nokre dagar med brukbart skiføre både på Mo/Daleteigane og på Bondalseidet på tampen av året. Det er mange som nyttar løypene våre og det har ein ikkje minst sett no under koronapandemien

Anlegg: Det har gått med ein del dugnadstimar til vedlikehald av maskiner og løypenettet også i 2020. Det vart ikkje gjort dei store oppgraderingane i 2020, men det går med ein del timar til skogrydding, drenering og vedlikehald av lys. Langrennsgruppa brukar nok no klart mest tid på løypene på Mo/Daleteigane, og HIL langrenn har teke meir og meir ansvar for løypene på Bondalseidet.

Økonomi: Rekneskapen for 2020 viser unormalt låge inntekter (43428kr), men utgiftene (73543kr) var heller ikkje store dette året. Driftsresultatet vart -29834kr. Her er avskrivningane på 33000kr på løypemaskina veldig avgjerande for driftsresultatet, sidan gruppa har beskjedne driftsinntekter og – utgifter.

For styret i langrennsgruppa

Daniel Breivik

